

**Regionalavdelinga**

Klima- og naturressursseksjonen

Arkivsak 201013467-4
Arkivnr. 740
Saksh. Bjerga, Magnar

Saksgang	Møtedato
Samferdselsutvalet	16.02.2011
Kultur- og ressursutvalet	22.02.2011
Fylkesutvalet	23.02.2011 - 24.02.2011

HØYRING AV NOU 2010:10 TILPASSING TIL EIT KLIMA I ENDRING**SAMANDRAG**

Miljøverndepartementet har sendt NOU 2010:10 Tilpassing til eit klima i endring på høyring med frist 17. mars 2011. Rapporten er på 240 sider og har 17 kapittel.

Del I av rapporten tar for seg hovudkonklusjonar og tilrådingar, litt om utvalet sitt arbeid samt rammer for dagens arbeid med klimatilpassing. Del II består av to kapittel om klima i dag, i fortida og i framtida, medan del III, som utgjer den største delen av rapporten med heile 7 kapittel, tar for seg konsekvensar av klimaendringar for natur og samfunn. Del IV går gjennom arbeid med klimatilpassing i dei ulike forvaltningsnivåa inkl. fylkeskommunen, og del V presenterer ein politikk for klimatilpassing. Avslutningsvis blir det i del VI gitt ein oversikt over økonomiske og administrative konsekvensar av tilrådingane til utvalet.

Det har vore ein brei, intern høyringsprosess i fylkeskommunen om NOU-rapporten, mellom anna i form av eit høyringsmøte 26. januar 2011. Høyringssaka er sett i samanheng med "Regional planretningsline for byggehøgde over havnivå i Hordaland" som er til politisk handsaming parallelt med denne saka.

FORSLAG TIL INNSTILLING


1. NOU 2010:10 Tilpassing til eit klima i endring er eit godt utgangspunkt for å utvikle ein heilskapleg nasjonal politikk på området, og vil også vere ein nyttig reiskap for regionalt plan- og utviklingsarbeid. Fylkesutvalet sluttar seg til dei tre prinsippa for klimatilpassing og dei påfølgjande hovudtiltaka, jf. NOU 2010:10, kap. 1.1.
2. Fylkesutvalet meiner det er viktig med ei nær kopling mellom det foreslåtte klimaservicesenteret og forskingsfronten i klimaforskinga, og at det er naturleg å tenkje samlokalisering med det nye klimaforskingssenteret i Bergen. Det bør også vere ei sams lokalisering av klimaservicesenteret og eit av dei fire foreslåtte regionale kompetansesentra.
3. Fylkesutvalet ber om at det snarleg kjem på plass statlege planretningsliner for bygging nær havnivå.
4. Før ein landar på ein forvaltningsmodell for klimatilpassingsarbeidet på regionalt nivå, bør det utgreiast nærmare kva rolle fylkeskommunen og planinstrumenta "regional plan" og "regional

planbestemming" (Plan- og bygningslova, kap. 8) kan og bør spele i styring, samordning og utvikling av regionalt klimatilpassingsarbeid. Utvalet har foreslått 10-15 mill kroner/år til styrking av Fylkesmannen si oppfølging og rådgiving av kommunane, og på same vis bør ein konkretisere kostnader knytt til fylkeskommunane sitt arbeid med klimatilpassing overfor kommunane.

5. Kulturminnemyndene bør få øymerka midlar til å kartleggje konsekvensar av klimaendringar for kulturminnevernet, og det bør utarbeidast ein nasjonal handlingsplan/beredskapsplan for å løyse utfordringane knytt til klimatilpassing av kulturminne og kulturmiljø.
6. For å stoppe forfallet og heve standarden på fylkesvegnettet som ein tilpassing til klima både i dag og i framtida, er det avgjerande at fylkeskommunen får auka inntektsrammer.



Paul M. Nilsen



Jan Per Styve

Vedlegg:

- 1) Høyringsbrev av 16.12.2010 frå Miljøverndepartementet
- 2) NOU 2010:10 Tilpassing til eit klima i endring – hovudkonklusjonar og tilrådingar (s. 15-24). Heile NOU 2010:10 Tilpassing til eit klima i endring (240 sider) er tilgjengeleg på www.regjeringen.no/klimatilpasninghoering

FYLKESRÅDMANNEN, 14.01.2011:

Miljøverndepartementet har sendt NOU 2010:10 Tilpassing til eit klima i endring på høyring med frist 17. mars 2011. NOU-utvalet som står bak rapporten vart etablert ved kongeleg resolusjon av 5. desember 2008. Leiar for utvalet, fylkesmann i Sogn og Fjordane Oddvar Flæte, overleverte utvalet sin rapport til miljø- og utviklingsministeren 15. november 2010.

Høyringsdokumenta er vedlegg til denne saka, men er også tilgjengeleg på www.regjeringen.no/klimatilpasninghoering.

Det har vore ein brei, intern høyringsprosess i fylkeskommunen om NOU-rapporten, mellom anna i form av eit høyringsmøte 26. januar 2011.

Om innhaldet i NOU 2010:10 Tilpassing til eit klima i endring

NOU 2010:10 er på 240 sider og har 17 kapittel. Del I av rapporten tar for seg hovudkonklusjonar og tilrådingar, litt om utvalet sitt arbeid samt rammer for dagens arbeid med klimatilpassing. Del II består av to kapittel om klima i dag, i fortida og i framtida, medan del III, som utgjer den største delen av rapporten med heile 7 kapittel, tar for seg konsekvensar av klimaendringar for natur og samfunn. Del IV går gjennom arbeid med klimatilpassing i dei ulike forvaltningsnivåa inkl. fylkeskommunen, og del V presenterer ein politikk for klimatilpassing. Avslutningsvis blir det i del VI gitt ein oversikt over økonomiske og administrative konsekvensar av tilrådingane til utvalet.

Opningssetninga i NOU-rapporten slår fast følgjande: *"Klimaet er i endring, og vi må tilpasse oss endringane"*. Utvalet meiner at det viktigaste i klimaarbeidet er utsleppsreduksjonar, for å redusere omfanget og styrken av klimaendringane, men gjer det samstundes klårt at temperaturen på jorda vil stige gjennom det 21. hundreåret uansett kor godt vi lukkast med klimagassreduksjonar.

Tilpassing til klima er ikkje noko nytt, men utvalet peiker på at *"tempoet og omfanget av forventede klimaendringar er likevel nytt og ukjent i historisk tid"* og at *"god tilpassing i dag er difor ein føresetnad for eit mindre sårbart Noreg i morgon"* (NOU 2010:10, s. 15).

Klimaframskrivingar

Utvalet har lagt til grunn tre klimaframskrivingar (låg, middels og høg), som samla dannar eit risikobilete for moglege konsekvensar av eit klima i endring. Klimaframskrivingane syner mellom anna at Noreg i løpet av inneverande hundreår kan oppleve ein auke i årleg middeltemperatur på mellom 2,3 og 4,6 grader, med størst auke om vinteren og minst om sommaren. Der er store regionale skilnader, og Vestlandet vil oppleve minst temperaturauke. Vidare er det venta meir nedbør, mellom 5 og 30 % auke på landsbasis fram mot 2100, og vi vil få fleire dagar med store nedbørsmengder. Havtemperaturen langs norskekysten og i Nordsjøen vil stige, og havet er venta å bli surare (lågare pH-verdi). Fram mot 2100 kan havnivået stige mellom 50-100 cm langs kysten av Sør- og Vestlandet, og høgda for stormflod vil auke tilsvarande.

På grunn av usikkerheit knytt til framskrivingane tilrår utvalet *"at ein vurderer moglege konsekvensar og tiltak med utgangspunkt i den eller dei framskrivingane som inneber størst utfordringar for dei ulike sektorane"* (NOU 2010:10, s. 15).

Konsekvensar av klimaendringar

Noreg er på fleire vis sårbart overfor klimaendringar, og sårbarheita heng både saman med klimautviklinga og av korleis natur og samfunn er rusta til å møte klimaendringane. NOUen tar for seg naturmiljøet og ulike samfunnssektorar, og vurderer (både negative og positive) effektar av klimaendringar og gjer tilrådingar om tiltak. Utgreiinga har søkjelys på korleis Noreg blir råka av klimaendringane, men ser også på korleis konsekvensar som følgje av klimaendringar i andre deler av verda kan kome til å påverke landet vårt.

Prinsipp for klimatilpassing

Til tross for usikkerheit i klimamodellane, meiner utvalet at vi veit nok til å starte med klimatilpassingsarbeidet i dag, og slår fast at *"det er nødvendig å skape ei brei forståing for og semje i forvaltninga og dei politiske miljøa om å leggje inn eit langt tidsperspektiv i all planlegging når"*

samfunnet skal gjerast robust mot klimaendringane" (NOU 2010:10, s. 16). Utvalet tilrår følgjande prinsipp for klimatilpassing:

- 1) **Ei heilskapleg tilnærming** (vurdering av konsekvensar for utslepp av klimagassar, forureining og naturmiljø ved planlagde klimatilpassingstiltak)
- 2) **Økosystembasert forvaltning** (særleg søkjelys på bevaring av funksjonelle økosystem kan medverke til å redusere sårbarheita og halde ved lag eller auke den naturlege tilpassingskapasiteten)
- 3) **Klimatilpassing må integrerast i den ordinære samfunnsplanlegginga** (ansvaret for klimatilpassing på eit gitt område bør liggje hos ansvarleg styresmakt på dette området)

Hovudtiltak

Utvalet tilrår følgjande tiltak (/strategiar) for klimatilpassing (NOU 2010:10, s. 17-18):

- **Omsynet til klimaendringar må styrkjast i plansystemet**
 - o ny forskrift til plan- og bygningslova
 - o plassering av ansvar for overvatn og havnivåstiging
- **Auka uvisse må handterast**
 - o Klimatilpassingssekretariatet (i Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, red. anm.) bør få ansvar for å gi rettleiing og råd om handtering av uvisse knytt til klimaendringar
- **Kunnskapsgrunnlaget må styrkjast gjennom kartlegging, overvaking og forskning.**
 - o Trong for betre kartlegging av område som er utsette for naturfarar som skred, flaum og overvatn
 - o Styrking av overvaking av vind og korttidsnedbør
 - o Styrka forskning på klimaendringar, klimaeffektar og tilpassing
 - o Etablering av eit **klimaservicesenter** som ei lenkje mellom forskning og forvaltning. Klimaservicesenteret skal sikre kontinuerleg oppdatering av modellgrunnlaget og tilrettelegging av klima- og hydrologiske data til effektforskning og forvaltning. Senteret bør etablerast under Norsk Klimasenter¹
 - o Jamleg oppdatering av kunnskapsgrunnlaget om klimaendringar bør liggje i klimatilpassingssekretariatet
- **Kompetansen i forvaltninga må hevast**
 - o Styrking av Klimatilpassing.no som portal for kunnskap, rettleiing og støtte til alle aktørar som blir påverka av klimaendringar
 - o Styrking av opplæringstilbodet for kommunar og andre mynder, inkl. etablering av fire regionale kompetansesenter under eksisterande institusjonar. I dag er kompetanseheving av offentlege mynder innanfor klimatilpassing lagt til Nasjonalt utdanningssenter for samfunnssikkerheit og beredskap (NUSB), som driv kurs og ekstern opplæringsverksemd. Det er denne forma for opplæring som i tillegg blir føreslått desentralisert.
 - o På regionalt nivå bør Fylkesmannen styrkjast for å kunne vareta tilsynsfunksjonen og styrkje rettleiingskapasiteten
- **Tilpassingsunderskotet må dekkjast opp**
 - o Prioritering av vedlikehald og utvikling av insentiv som fremjar dette
 - o Styrke arbeidet med skred- og flaumsikring
 - o Sterkare prioritering av arbeid for å sikre intakte og robuste økosystem som er avgjerande for artene og naturmiljøa sine moglegheiter til å tilpasse seg klimaendringane
- **Koordineringa må styrkjast i tilpassingsarbeidet**
 - o Miljøverndepartementet si koordinering må styrkjast ved at klimatilpassingssekretariatet blir permanent og blir tilført auka kapasitet og ressursar
- **Tilpassingsarbeidet må inkludere eit internasjonalt ansvar**
 - o Klimatilpassing som prioritert område i norsk bistand
 - o Noreg bør ta på seg finansielle forpliktingar i det internasjonale arbeidet for klimatilpassing

¹ Norsk klimasenter er eit nasjonalt samarbeidsorgan der partnarane i Bjerknessenteret (Universitetet i Bergen, UNI Research AS, Havforskningsinstituttet og Nansensenter for miljø og fjermåling) deltar saman med Norsk Polarinstitut, Meteorologisk institutt, CICERO Senter for klimaforskning, Universitetet i Oslo.

- Klimatilpassing bør integrerast i det internasjonale samarbeidet om havressursar

Tilrådingar for ulike samfunnsområde

Utvalet føreslår ei rekkje tiltak for å auke tilpassingskapasiteten på følgjande samfunnsområde: Naturmiljø, helse, samfunnstryggleik og beredskap, transport, vatn og avløp, kraftforsyning, avfall og forureining, byggenæringa, landbruk og utmarksnæringar, fiskeri og havbruk, petroleum, forsikring, reiseliv, samisk kultur og samfunnsliv og internasjonalt engasjement. Tiltaka er samla på sidene 18-23 i NOU 2010:10, og her følgjer nokre komprimerte utdrag som er særleg relevante for fylkeskommunal verksemd:

- **Transport:**

- *Integrere klimaomsyn i alle planprosessar, utgreiingar og analysar av transportsystemet*
- Kartlegging og merking av sårbarheit for *spesielt utsette konstruksjonar eller strekningar*
- Skredsikring av vegar og jarnvegar, inkl. *klimaomsyn i skredrisikovurdering* og utvikling av nasjonal skreddatabase
- Klimatilpassing som *leiaransvar*
- Revidere gjeldande regelverk og følgje opp endringar med kurs og informasjon
- Gjennomgå funksjonskontraktar, kontraktformer, utvikle metodikken for levetidsvurderingar og kost-/nytteanalysar
- Prioritere å ta att *vedlikehaldsetterslepet* – styrkje det fortløpande vedlikehaldet
- Integrere klimaomsyn i eksisterande planar for inspeksjon, vedlikehald og fornying
- Utvikle betre analysemetodar for å inkludere framtidige vedlikehaldskostnader i avgjerdsgrunnlaget
- Styrkje og utvikle arbeidet med *proaktive beredskapssystem* med vekt på vêrtilhøve og vêrrelaterte hendingar

- **Bygg:**

- Styrkje ressursane til *førebyggjande rådgjeving* til husbyggjarar og huseigarar
- I høgare grad nytte *kjende klimadata* ved planlegging, prosjektering og oppføring av bygningar
- Inkludere klimaovervaking i Riksantikvaren sitt miljøovervåkingsprogram og etablere eit eige bevaringsprogram for *kulturhistoriske bygningar* som er spesielt utsette
- Klare kompetansekrav til alle aktørane i byggenæringa, inkl. krav til bedriftene om systematisk *etter- og vidareutdanning* av tilsette
- Føreslå utforming av *regionale klimaindeksar eller klimasoner* for å gjere tydeleg kva krav som bør stillast til bygningsmassen og for bruk i den kommunale arealplanlegginga
- Strengare nasjonale krav om *dokumentasjon av bygningsmaterialar*, der krav knytte til eigenskapar og krav som følgjer av endra klima blir inkluderte
- Strengare nasjonale krav til *meir robust byggjeskikk* og krav om livsløpsanalysar i konstruksjon og drift av bygg
- *Insentiv for auka vedlikehald* av kommunale bygningar bør styrkjast, m.a. ved å vurdere endring av krava til kommunal rekneskapsføring og gi råd om organisering av kommunal eigedomsforvaltning

- **Havbruk:**

- Utvikle *klimamodellar for kyst- og fjordområda* som har høg nok oppløysing til å simulere endringar i miljøforhold for havbruksnæringa
- *Uvikling av teknologi* som gjer havbruksnæringa mindre sårbar for ekstremverdiar i havklima og mindre utsett for sjukdom og parasittar.
- Fremje utvikling av *multikulturalar* i havbruksnæringa

- **Reiseliv:**

- *Forskning* på samanhengane mellom klimaendringar og reiseliv
- Klimaendringar inn i vurderingar av *risiko, sårbarheit og sikringstiltak*

Økonomi

Dei fleste av utvalet sine tilrådingar dreier seg om å leggje til rette for tilpassing til klimaendringar, medan kostnadane med dei faktiske tilpassingstiltaka kjem i tillegg. Til dømes vil det vere svært kostnadskrevjande med skred- og flaumsikring, auka dimensjonering av vass- og avlaupsrøyr og dreneringsløysingar, men dei reelle kostnadane må målast mot faktiske innsparingar ved å unngå ulykker, driftsavbrot og andre skadar. Av dei klimatilpassingstiltaka som er kostnadsfesta kan nemnast:

- 10-15 mill kr/år til styrking av Fylkesmannen si oppfølging og rådgiving av kommunane
- 41-53 mrd kr for å ta att etterslepet på vedlikehaldet av vegar
- 94-142 mrd kr til opprusting av den kommunale bygningsmassen
- Ca. 550 mrd kr (svært usikkert tal) for å ta att vedlikehaldsetterslepet i yrkesbygg og bustadar

Særleg om fylkeskommunen sin rolle i klimatilpassingsarbeidet

Når det gjeld fylkeskommunen, så blir særleg roller som vegeigar og planmynde trekt fram. Utvalet viser t.d. til at planforum "kan vere eigna som ein arena for integrering av omsynet til klimatilpassing og som rettleiing og motivasjon for kommunane" (NOU 2010:10, s. 189). Utvalet er også av den oppfatning at "regionale samarbeidsfora og nettverk (som t.d. Vestlandsrådet, red. anm.) er ein god arena for å bygge kompetanse og dele erfaringar på tvers av fylkesgrensene, og at dei bør integrerast i dei regionsamarbeida som eksisterer i dag" og vidare at "både fylkeskommunen og Fylkesmannen har viktige roller å spele i arbeidet med klimatilpassing, og at behovet for å styrkje kapasitet og kompetanse er til stades både hos fylkeskommunen og Fylkesmannen" (NOU 2010:10, s. 191).

Andre roller med relevans for klimatilpassing som blir omtala i NOUen er fylkeskommunen som kulturminneforvaltar, vassregionmynde, regional næringsutviklar med mellom anna reiselivssatsing, eigar av regionale straumnett, forvaltar av ikkje-truga artar av vilt og innlandsfisk og ansvarleg for vidaregåande opplæring. Utvalet peiker på følgjande: "Fylkeskommunen sitt ansvar for regional utvikling gjer dei i stand til å fylla ei aktiv rolle for tilpassing og auka verdiskaping. Fylkeskommunen bør difor ha eit ansvar for å legge til rette for positiv utnytting av konsekvensar av klimaendringane til næringsutvikling og styrka konkurransefortrinn i regionane" (NOU 2010:10, s. 190).

Tabell 16.1 i NOU 2010:10 (s. 219-220), gir ein oversikt over pågåande klimatilpassingsrelevant arbeid og utvalet sine tilrådingar for ulike forvaltingsnivå. Her gjengis eit utdrag frå tabellen som viser det regionale og kommunale nivået:

Tabell 16.1 Roller og ansvar: pågåande klimatilpassingsrelevant arbeid og utvalet sine tilrådingar

	Pågåande klimatilpassingsrelevant arbeid	Utvalet sine tilrådingar
Fylkesmannen	<ul style="list-style-type: none">- oppfølging av nasjonal politikk i fylka- regional helse-, landbruks-, miljø- og samfunnsstrategisknyddigheit- samordnar av statlege styringssignalar til kommunane- rettleiings- og tilsynsrolle i kommunal arealplanlegging motsegsrett i høve til kommunale planar- analyserer regionale utfordringar når det gjeld risiko og sårbarheit- rettleiing og kontroll med kommunalt ROS-arbeid	<ul style="list-style-type: none">- styrkje Fylkesmannen si rolle som rettleiar, pådrivar, tilsynsstyresmakt og koordinator for kommunalt tilpassingsarbeid- bruke det tverrfaglege i klimatilpassingsarbeidet- leggje vekt på samordningsrolla regionalt i forhold til andre statlege organ- tilsynsfunksjon for kommunane si oppfølging av utvalet si tilrådde forskriftsfesting av omsyn til klimatilpassing i plan- og bygningslova
Fylkeskommunane	<ul style="list-style-type: none">- regional utviklingsaktør- regional samferdselsstyresmakt- regional kulturminnestyresmakt- hovudansvar for at kommunane får rettleiing og hjelp i planleggingsoppgåvene sine- motsegsrett i høve til kommunale planar- FOU-arbeid	<ul style="list-style-type: none">- utnytte dei høva klimaendringane gir til verdiskaping- vurdere klimaendringane som del av regionale planar- utvikle planforum til ein vesentleg fagararena; styrkje rolla som regional kulturminnestyresmakt for å ta vare på klimasårbare kulturminne
Kommunane	<ul style="list-style-type: none">- ansvarleg styresmakt for arealplanlegging og arealforvalting i kommunen- byggesaksstyresmakt- ansvarleg for samfunnsstrategisk og beredskap på lokalt nivå- ROS-analyse knytte til beredskap og utarbeiding av planar mv.- vurdering av klimautfordringar og sårbarheit- nettverk klimatilpassingsarbeidet	<ul style="list-style-type: none">- styrkje plankapasitet og plankompetanse slik at klimatilpassing blir integrert i arealplanlegging- integrere klimaomsyn i alt ROS-arbeid- gjennomføre forskriftsfesta plikt til klimatilpassing av arealplanane- ansvar for å kartlegge naturfarar i eigen kommune- styrkje byggesakstilsyn- styrkje ROS knytt til eksisterande busetnad

Vurdering og konklusjon

NOU 2010:10 gir ein grundig og heilskapleg gjennomgang av venta konsekvensar av klimaendringar for Noreg og tilhøyrande tilrådingar om tiltak om korleis vi bør tilpasse oss nye klimatilhøve. Nokre samfunnsområde er grundigare gjennomgått enn andre, men alt i alt er dette eit svært godt utgangspunkt for ein heilskapleg og effektfull, nasjonal politikk for klimatilpassing.

Hordaland fylkeskommune vedtok i juni i fjor Klimaplan for Hordaland 2010-2020, der klimatilpassing er via eit av tre hovudmål og eit eige kapittel. Det tilhøyrande handlingsprogrammet for klimaplanen har ni klimatilpassingstiltak, og i samband med den årlege rulleringa av handlingsprogrammet, første gong hausten 2011, vil NOUen være eit nyttig grunnlagsdokument.

Eit av hovudtiltaka til utvalet går på å etablere eit klimaservicesenter som ei lenkje mellom forskning og forvaltning, og at dette etablerast under Norsk Klimasenter. Etablering av ein oversetjar mellom forskning og forvaltning er ein god ide, og vil gjere det enklare å drive klimatilpassingsarbeid lokalt. I fjor tildelte regjeringa 20 millionar kroner pr. år i 12 år til eit klimaforskingssenter ved Universitetet i Bergen, med Nansensenteret, Havforskningsinstituttet og Uni Research AS som partnarar. Senteret vil byggje vidare på klimaforskningskompetansen ved Bjerknessenteret for klimaforsking, gjerne omtala som Nordens fremste klimaforskingssmiljø. Bergen er med andre ord allereie klimaforskingshovudstaden i Noreg.

Fylkesrådmannen meiner det er viktig med ei nær kopling mellom eit klimaservicesenter og forskingsfronten innanfor klimaforskinga, og at det er naturleg å tenkje samlokalisering av det føreslåtte klimaservicesenteret og det nye klimaforskingssenteret i Bergen. Vidare bør det vere ei sams lokalisering av klimaservicesenteret og eit av dei fire føreslagne regionale kompetansesentra.

Om retningslinjer for havnivåstiging skriv utvalet at *"utarbeiding og formidling av retningslinjer for havnivåstiging bør takast vare på av ei nasjonal styresmakt"*, og vidare at denne nasjonale *"styresmakta bør ha ansvaret for å rettleie lokale styresmakter i planleggingsarbeidet"* (NOU 2010:10, s 203). Eit av tiltaka i handlingsprogrammet til klimaplan for Hordaland dreier seg om å utarbeide regional planbestemming/-retningsline om bygging nær havnivå. Fylkeskommunen fekk laga ei utgreiing av korleis ei slik planretningsline kunne sjå ut, og denne vart sendt på høyring til relevante partar hausten 2010. Saka om planretningslina er til politisk handsaming parallelt med denne saka, og vedtak og sakspapir frå den saka følgjer som vedlegg (til høyringsuttala frå Hordaland fylkeskommune til Miljøverndepartementet vedr. NOU 2010:10 Tilpassing til eit klima i endring).

Fylkesrådmannen tilrår at Hordaland fylkeskommune sluttar seg til dei tre prinsippa for klimatilpassing og dei påfølgjande hovudtiltaka (NOU 2010:10, kap. 1.1). Det er også viktig med ein tydeleg ansvarsfordeling på regionalt nivå mellom Fylkesmannen og fylkeskommunen, og at ein samstundes legg vekt på å inkludere klimatilpassing i etablerte samarbeidsfora som t.d. planforum. Før ein landar på ein forvaltingsmodell for klimatilpassingsarbeidet på regionalt nivå, bør det gjerast ei vurdering av kva rolle fylkeskommunen og planinstrumenta "regional plan" og "regional planbestemming" (Plan- og bygningslova, kap. 8) kan spele i styring, samordning og utvikling av regionalt klimatilpassingsarbeid. Utvalet har foreslått 10-15 mill kroner/år til styrking av Fylkesmannen si oppfølging og rådgiving av kommunane, og på same vis bør ein konkretisere kostnader knytt til fylkeskommunane sitt arbeid med klimatilpassing.

Fylkesrådmannen ser det som positivt at kulturminne gjennomgåande er representert i NOU 2010:10. Det hadde likevel vore meir oversikteleg om kulturminne hadde vore omhandla som eige tema under del III med samla tilrådingar frå utvalet. Omgrepet "Kulturbygningar" som går att i NOU 2010:10 sin tekst er ikkje eit omgrep innanfor kulturminnefeltet, verken i lov, forskrift eller praksis. Det vert meir korrekt å nytta omgrepa kulturminne, kulturmiljø, slik Lov om kulturminne § 1 føreskriv. Det faktum at kulturminnesektoren har eit betydeleg etterslep både med omsyn til skjøtsel og vedlikehald/istandsetting burde vore løfta tydelegare fram i NOUen.

Kulturminnemyndene bør få øymerka midlar til å kartleggje konsekvensar av klimaendringar for kulturminnevernet, og det bør utarbeidast ein nasjonal handlingsplan/beredskapsplan for å løyse utfordringane knytt til klimatilpassing av kulturminne og kulturmiljø.

På fylkesvegnettet er det eit betydeleg etterslep av manglande vedlikehalds- og utbetringstiltak. Forfallet på dei nye fylkesvegane vart heller ikkje kompensert av staten i samband med dei økonomiske rammene for gjennomføring av forvaltningsreforma. For å stoppe forfallet og heve standarden på fylkesvegnettet som ein tilpassing til klima både i dag og i framtida, er det avgjerande at fylkeskommunen får auka inntektsrammer.